Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Heskestad

Emne: 3. Brynet

Bygdelag:

Oppskr. av: B. Flom

Gard:

(adresse): Heskestad

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Det vanlege namnet for bryne her er kvass stein. Hein er nytta om eit ~~finare~~ serskild bryne som det er finare to i og hålare. Serleg nytta til å få finare egg i knivar og andre mindre bitjarn. Barberknivar vert gjerne kvest på hein med olje på.

2. No vert det mest nytta kunststein. Ein kjenner ikkje til at det finns naturleg brynestein i bygda.

3. Det vanlege er at reidskapa fyrst vert slipt og så brynt. Barberknivar vert helst kvest med bryne.

4. Ingen nolevande i bygda kan minnast at ljåen vart tynma med hamar, men det er fortalt om at det vart gjort. Ein kan ikkje seia noko visst om kva tid skikken med sliping av ljåen kom til bygda. Tynmingsljåen var truleg tjukkare og klumsnare enn slipeljåen. Om tynminga og reidskap som vart nytta har ein ikkje noko kjennskap til no

5. Det er kjennt at reidskapet vart kvest

8404

på stein ved å dra det fram og tilbake, men om det på gardane var ein serskild stein til det bruk, kan ikkje seiast. No vert det ikkje brukt. Slipesteinen sto jamnast heime ved huset, og i manns minne veit ein ikkje om noko anna.

6. Ein nytta den slipte ljåen som regel ei ykt (3-4 timar). Det var ikkje nok å bryna ljåen, han måtte slipast.

7. Kunstbrynet har gjerne litt grovare gro i den eine enden og finare i den andre. Fyrst vert nytta det grove bryne og så det fine. Tidlegare vart det nytta brynestikka av hardt tre for å få finare egg. Brynestikka hadde ein med seg heimefrå.

8. Langoven vert teken or orvet ved sliping, men stuttoven sit på. Ein held som vanleg egga mot seg ved sliping av ljåor

9. Ved bryning av langorv vender egga ned, ved stuttorv kan det henda at egga vender opp.

10. Koppen som brynet vart bore i kalla dei skålp og var av tre eller blekk.

11. Skålpen kunne godt vera eit oksehorn.

12. Skålpen vart festa med ein krok på lenda litt til høgre.

13. Voter helst brynet med vatn, men det vert og nytt turt.

14. Mjølet ved bryning vert nemnt brynekvåa.

15. 16. 17. 18. 19. 20 ukjent her.

28/11-1953.

8404

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING